

SAKSUTSKRIFT

Arkivsak-dok. 22/00386-28

Saksbehandler Lene Øyulvstad

Høringsinnspel: Skule- og tilbodsstruktur for vidaregåande skular i Agder 2026–2030

Saksgang	Møtedato	Saknr
1 Ungdomsrådet	22.09.2025	6/25
2 Hovudutval for oppvekst og levekår	23.09.2025	16/25
3 Formannskapet	02.10.2025	45/25

Hovudutval for oppvekst og levekår har behandlet saken i møte 23.09.2025 sak 16/25**Møtebehandling**

Kommunedirektøren sitt framlegg til vedtak vart samrøystes vedteke.

Hovudutval for oppvekst og levekårs vedtak/innstilling**Åseral kommune sender inn følgjande høringsinnspel om skule- og tilbodsstruktur for vidaregåande skular i Agder 2026-2030:**

Dei næraste vidaregåande skulane for Åseral kommune er Byremo og Setesdal vidaregåande skular, og høringsinnspelet vårt er i hovudsak retta mot region Indre Agder.

Åseral kommune er ein distriktskommune med avgrensa tilgang til vidaregåande opplæring innan rimeleg reiseavstand. Ungdomane våre er i stor grad avhengige av tilboda i Indre Agder, særleg ved Byremo og Setesdal vidaregåande skular. Det er difor avgjerande at desse tilboda vert oppretthaldne og styrkte. Vi meiner det er viktig å arbeide for nærskuleprinsippet, og at ungdom i distrikta skal ha tilgang til vidaregåande opplæring utan å måtte flytte eller pendle lange avstandar.

Vi støttar intensjonen om å oppretthalde breidda i utdanningstilbodet i Indre Agder. Prognosane for elevtal viser ei stabil utvikling i vår region fram mot 2040, noko som gjev grunnlag for vidareføring av tilbodet. Det er viktig at fylkeskommunen marknadsfører skulane og tilboda godt, og samarbeider med kommunane om dette.

Det er viktig å ha god bygningsmasse, både for skule og internat, og å ha oppdatert og relevant utstyr (verktøy, maskiner, "helseutstyr" osv.) til bruk i undervisninga. Dette

gjer skulane meir attraktive for elevane og bidreg til ei mest mogleg relevant utdanning for dagens nærings- og arbeidsliv. Vedteken nytt bygg på Hornnes må setjast i gang.

Vi meiner det er viktig med eit breitt tilbod ved skulane, slik at ein får ei god samansetning av både gutar og jenter, og med både studiespesialisering og yrkesfag ved begge skulane. Dette skapar eit godt og inkluderande skulemiljø, og gjer det meir interessant for lærarane å undervise.

Lærarkreftene ved dei vidaregåande skulane i Indre Agder er ofte rekrutterte frå lokalsamfunnet. Dette gir stabil arbeidskraft og er viktige arbeidsplassar både for fylkeskommunen og for distrikta.

Åseral kommune vil også peike på behovet for større fleksibilitet i distrikta når det gjeld klassestorleik. Det må vere rom for å ha halve klassar, og ein må tole større svingingar i elevtal. Det er meir utfordrande og kostbart å bygge opp eller ned tilbod i distrikta enn i tettbygde strøk.

Vi støttar prinsippet om at utdanningstilbodet skal spegle behova i arbeidslivet. I vår region er det behov for fagarbeidarar innan reiseliv, bygg, helse og tekniske fag. Eit tettare samarbeid mellom vidaregåande skular og lokale verksemder vil kunne styrkje relevansen og sikre lære plassar. I Åseral kommune er reiseliv ei stor næring, så kommunen vil oppmode fylkeskommunen om å vurdere å opprette sal, service og reiseliv som linjetilbod ved ein av våre nærlokaliserte skular. I tillegg oppmodar vi fylkeskommunen til å vurdere å ta inn økologisk naturreparasjon som del av opplæringa ved anleggsteknikk/arbeidsmaskiner VG2.

I tillegg til samarbeid med næringslivet, ønskjer Åseral kommune at fylkeskommunen held fram med samarbeid med universitet og fagskule for å tilby distriktsvennlege utdanningar. Til dømes kan samlingar for desentraliserte utdanningar som sjukepleiarutdanning, velferdsteknologi og andre tilbod leggjast til Setesdal vidaregåande skule.

For Åseral kommune er det viktig at Byremo og Setesdal vidaregåande skular framleis kan oppretthalde eit breitt linjetilbod, og at skulen framleis kan tilby attraktive og varierte utdanningsprogram som speglar ønskje og behov frå elevar og arbeidsmarknaden i kommunen og regionen. Vi vil understreke kor viktig det er å oppretthalde eit godt tilbod i distrikta. Små skular kan ha sterke fagmiljø og er viktige for lokal identitet og samfunnsutvikling. Utviklinga av Indre Agder har betydning for utviklinga av heile Agder.

Formannskapet har behandlet saken i møte 02.10.2025 sak 45/25

Møtebehandling

Fellesframlegg:

Åseral kommune hører til regionen **Indre Agder**, og ungdom frå kommunen nyttar i hovudsak **Byremo og Setesdal vidaregåande skular**.

Åseral kommune har følgjande høyringsinnspel:

- Kommunen har **avgrensa tilgang til vidaregåande opplæring**, og det er viktig å **styrkje og oppretthalde** tilboda i nærområdet.
- **Nærskuleprinsippet** bør prioriterast, slik at ungdom i distrikta slepp å flytte eller pendle langt for å få vidaregåande opplæring.
- Kommunen støttar intensjonen om å **behalde breidda i utdanningstilbodet** i Indre Agder, då elevtalsprognosar viser **stabil utvikling fram mot 2040**.
- Det er viktig med **god marknadsføring** av skulane og samarbeid mellom fylkeskommune og kommunar.
- Skulane bør ha **god bygningsmasse og moderne utstyr**, noko som gjer dei meir attraktive og relevante for arbeidslivet.
- Kommunen støttar eit **breitt fagtilbod** med både **studiespesialisering og yrkesfag**, og ei god **kjønnsbalanse** blant elevane.
- **Lærarar frå lokalsamfunnet** gir stabilitet og er viktige for både fylkeskommunen og distrikta.
- Det bør vere **fleksibilitet i klassestorleik** i distrikta, med moglegheit for mindre klassar og tilpassing til svingande elevtal.
- Utdanningstilbodet bør **spegle arbeidslivets behov**, spesielt innan **reiseliv, bygg, helse og tekniske fag**.
- Kommunen ønskjer **tettere samarbeid mellom skular og lokale verksemder** for å sikre relevans og læreplassar.
- Åseral oppmodar om å opprette linjer innan **sal, service og reiseliv**.
- Kommunen ønskjer også vidare samarbeid med **universitet og fagskular** for å tilby **distriktsvennlege utdanningar**, som t.d. sjukepleie og velferdsteknologi.
- Det er viktig at Byremo og Setesdal vidaregåande skular held fram med **breitt og attraktivt linjetilbod** som speglar elevane og arbeidsmarknaden sine behov.
- **Små skular i distrikta** kan ha sterke fagmiljø og er viktige for **lokal identitet og samfunnsutvikling**.
- Utviklinga i Indre Agder har **betydning for heile Agder-regionen**.

Votering:

Fellesframlegg vart samrøystes vedteke.

Formannskapetets vedtak

Åseral kommune sender inn følgjande høyringsinnspel om skule- og tilbodsstruktur for vidaregåande skular i Agder 2026-2030:

Åseral kommune hører til regionen **Indre Agder**, og ungdom frå kommunen nyttar i hovudsak **Byremo og Setesdal vidaregåande skular**.

Åseral kommune har følgjande høyringsinnspel:

- Kommunen har **avgrensa tilgang til vidaregåande opplæring**, og det er viktig å **styrkje og oppretthalde** tilboda i nærområdet.

- **Nærskuleprinsippet** bør prioriterast, slik at ungdom i distrikta slepp å flytte eller pendle langt for å få vidaregåande opplæring.
- Kommunen støttar intensjonen om å **behalde breidda i utdanningstilbodet** i Indre Agder, då elevtalsprognosar viser **stabil utvikling fram mot 2040**.
- Det er viktig med **god marknadsføring** av skulane og samarbeid mellom fylkeskommune og kommunar.
- Skulane bør ha **god bygningsmasse og moderne utstyr**, noko som gjer dei meir attraktive og relevante for arbeidslivet.
- Kommunen støttar eit **breitt fagtilbod** med både **studiespesialisering og yrkesfag**, og ei god **kjønnsbalanse** blant elevane.
- **Lærarar frå lokalsamfunnet** gir stabilitet og er viktige for både fylkeskommunen og distrikta.
- Det bør vere **fleksibilitet i klassestorleik** i distrikta, med moglegheit for mindre klassar og tilpassing til svingande elevtal.
- Utdanningstilbodet bør **spegle arbeidslivets behov**, spesielt innan **reiseliv, bygg, helse og tekniske fag**.
- Kommunen ønskjer **tettere samarbeid mellom skular og lokale verksemdar** for å sikre relevans og læreplassar.
- Åseral oppmodar om å opprette linjer innan **sal, service og reiseliv**.
- Kommunen ønskjer også vidare samarbeid med **universitet og fagskular** for å tilby **distriktsvennlege utdanningar**, som t.d. sjukepleie og velferdsteknologi.
- Det er viktig at Byremo og Setesdal vidaregåande skular held fram med **breitt og attraktivt linjetilbod** som speglar elevane og arbeidsmarknaden sine behov.
- **Små skular i distrikta** kan ha sterke fagmiljø og er viktige for **lokal identitet og samfunnsutvikling**.
- Utviklinga i Indre Agder har **betydning for heile Agder-regionen**.

Høyringsinnspel: Skule- og tilbodsstruktur for vidaregåande skular i Agder 2026–2030

Kommunedirektøren si innstilling:

Åseral kommune sender inn følgjande høyringsinnspel om skule- og tilbodsstruktur for vidaregåande skular i Agder 2026-2030:

Dei næraste vidaregåande skulane for Åseral kommune er Byremo og Setesdal vidaregåande skular, og høyringsinnspelen våre er i hovudsak retta mot region Indre Agder.

Åseral kommune er ein distriktskommune med avgrensa tilgang til vidaregåande opplæring innan rimeleg reiseavstand. Ungdomane våre er i stor grad avhengige av tilboda i Indre Agder, særleg ved Byremo og Setesdal vidaregåande skular. Det er difor avgjerande at desse tilboda vert oppretthaldne og styrkte. Vi meiner det er viktig å arbeide for nærskuleprinsippet, og at ungdom i distrikta skal ha tilgang til vidaregåande opplæring utan å måtte flytte eller pendle lange avstandar.

Vi støttar intensjonen om å oppretthalde breidda i utdanningstilbodet i Indre Agder. Prognosane for elevtal viser ei stabil utvikling i vår region fram mot 2040, noko som

gjev grunnlag for vidareføring av tilbodet. Det er viktig at fylkeskommunen marknadsfører skulane og tilboda godt, og samarbeider med kommunane om dette.

Det er viktig å ha god bygningsmasse, både for skule og internat, og å ha oppdatert og relevant utstyr (verktøy, maskiner, "helseutstyr" osv.) til bruk i undervisninga. Dette gjer skulane meir attraktive for elevane og bidreg til ei mest mogleg relevant utdanning for dagens nærings- og arbeidsliv. Vedteken nytt bygg på Hornnes må setjast i gang.

Vi meiner det er viktig med eit breitt tilbod ved skulane, slik at ein får ei god samansetning av både gutar og jenter, og med både studiespesialisering og yrkesfag ved begge skulane. Dette skapar eit godt og inkluderande skulemiljø, og gjer det meir interessant for lærarane å undervise.

Lærarkreftene ved dei vidaregåande skulane i Indre Agder er ofte rekrutterte frå lokalsamfunnet. Dette gir stabil arbeidskraft og er viktige arbeidsplassar både for fylkeskommunen og for distrikta.

Åseral kommune vil også peike på behovet for større fleksibilitet i distrikta når det gjeld klassestorleik. Det må vere rom for å ha halve klassar, og ein må tole større svingingar i elevtal. Det er meir utfordrande og kostbart å bygge opp eller ned tilbod i distrikta enn i tettbygde strøk.

Vi støttar prinsippet om at utdanningstilbodet skal spegle behova i arbeidslivet. I vår region er det behov for fagarbeidarar innan reiseliv, bygg, helse og tekniske fag. Eit tettare samarbeid mellom vidaregåande skular og lokale verksemdar vil kunne styrkje relevansen og sikre læreplassar. I Åseral kommune er reiseliv ei stor næring, så kommunen vil oppmode fylkeskommunen om å vurdere å opprette sal, service og reiseliv som linjetilbod ved ein av våre nærlokaliserte skular. I tillegg oppmodar vi fylkeskommunen til å vurdere å ta inn økologisk naturreparasjon som del av opplæringa ved anleggsteknikk/arbeidsmaskiner VG2.

I tillegg til samarbeid med næringslivet, ønskjer Åseral kommune at fylkeskommunen held fram med samarbeid med universitet og fagskule for å tilby distriktsvennlege utdanningar. Til dømes kan samlingar for desentraliserte utdanningar som sjukepleiarutdanning, velferdsteknologi og andre tilbod leggjast til Setesdal vidaregåande skule.

For Åseral kommune er det viktig at Byremo og Setesdal vidaregåande skular framleis kan oppretthalde eit breitt linjetilbod, og at skulen framleis kan tilby attraktive og varierte utdanningsprogram som speglar ønskje og behov frå elevar og arbeidsmarknaden i kommunen og regionen. Vi vil understreke kor viktig det er å oppretthalde eit godt tilbod i distrikta. Små skular kan ha sterke fagmiljø og er viktige for lokal identitet og samfunnsutvikling. Utviklinga av Indre Agder har betydning for utviklinga av heile Agder.

Vedlegg

Høring- Skole- og tilbudsstruktur for vidaregåande skoler i Agder 2026-2030
2026-2030_4 årig skole og tilbudsstruktur_Agder
Rapport frå Norconsult. Skole- og tilbudsstruktur, Vidaregåande opplæring i Agder

Saka kort fortalt

Agder fylkeskommune har sendt ut ei høyring der det er ønskeleg med tilbakemelding på konkrete spørsmål som gjeld skule- og tilbudsstruktur for vidaregåande skular i Agder 2026– 2030. Fylkeskommune ønskjer tilbakemelding på fleire punkt for alle regionar i Agder. Åseral kommune si tilbakemelding rettar seg i hovudsak mot region Indre Agder, og då spesielt ved Byremo og Setesdal vidaregåande skular. Kommunedirektøren legg fram forslag til høyringsinnspel frå Åseral kommune, fordi høyringa kan få innverknad på tilbodet i regionen Indre Agder. Føremålet med kommunen sitt høyringsinnspel er ei oppmoding om å sjå effektiviseringa av skule- og tilbudsstrukturen ved vidaregåande skular i Agder i ein heilskap og samanheng.

Bakgrunn

Agder fylkeskommune inviterer kommunane til medverknad gjennom ei høyring av skule og tilbudsstruktur for vidaregåande skule i Agder 2026 - 2030. Høyringa omhandlar ulike tiltak som skal bidra til å styrkje og effektivisere opplæringstilbodet. For å få eit best mogleg grunnlag for avgjerder, vert berørte partar og andre interessentar inviterte til ein innspelsrunde. Målet er å samle brei kunnskap og ulike perspektiv, for å utvikle eit opplæringstilbod som gjev fleire elevar moglegheit til å fullføre vidaregåande skule. Høyringsfristen er 30.09.2025. Sakshandsamar har vore i kontakt med Agder fylkeskommune og får høve til å sende inn høyringsinnspel etter fristen.

Vurdering

Fylkeskommunen vurderer endringar i skule- og tilbudsstrukturen for å sikre ei framtidssretta vidaregåande opplæring i Agder. Bakgrunnen er ein venta nedgang i elevtalet dei neste ti åra. Våren 2025 leverte Norconsult ein rapport på oppdrag frå Agder fylkeskommune, der det er vurdert moglege tiltak for å møte denne nedgangen. I det vidare arbeidet vert ulike tiltak vurderte, som skal bidra til å styrkje og effektivisere opplæringstilbodet.

Vedlagt følger høyringsdokumentet som skildrar kort dei demografiske utfordringane, premissane og omgrepa knytt til skule- og tilbudsstruktur. Dei føreslåtte endringane er presenterte regionvis som eit grunnlag for høyringa (vedlegg 2). Vidare følger rapport frå Norconsult om skule- og tilbudsstrukturen i Agder (vedlegg 3).

Forslag til høyringsinnspel frå Åseral kommune er utarbeidd med grunnlag i kommuneplanen sin samfunnsdel 2024–2034, samstundes som det er sett til tidlegare høyringsinnspel som kommunen har sendt inn ved tidlegare høyringar knytt til tilbudsstruktur for vidaregåande opplæring.

Kommunedirektøren legg med bakgrunn i dette fram følgjande forslag til høyringsinnspel: Åseral kommune sender inn følgjande høyringsinnspel om skule- og tilbudsstruktur for vidaregåande skular i Agder 2026-2030:

Åseral kommune sender inn følgjande høyringsinnspel om skule- og tilbudsstruktur for vidaregåande skular i Agder 2026-2030:

Dei næraste vidaregåande skulane for Åseral kommune er Byremo og Setesdal vidaregåande skular, og høyringsinnspelet vårt er i hovudsak retta mot region Indre Agder.

Åseral kommune er ein distriktskommune med avgrensa tilgang til vidaregåande opplæring innan rimeleg reiseavstand. Ungdomane våre er i stor grad avhengige av tilboda i Indre Agder, særleg ved Byremo og Setesdal vidaregåande skular. Det er difor avgjerande at desse tilboda vert oppretthaldne og styrkte. Vi meiner det er viktig å arbeide for nærskuleprinsippet, og at ungdom i distrikta skal ha tilgang til vidaregåande opplæring utan å måtte flytte eller pendle lange avstandar.

Vi støttar intensjonen om å oppretthalde breidda i utdanningstilbodet i Indre Agder. Prognosane for elevtal viser ei stabil utvikling i vår region fram mot 2040, noko som gjev grunnlag for vidareføring av tilbodet. Det er viktig at fylkeskommunen marknadsfører skulane og tilboda godt, og samarbeider med kommunane om dette.

Det er viktig å ha god bygningsmasse, både for skule og internat, og å ha oppdatert og relevant utstyr (verktøy, maskiner, "helseutstyr" osv.) til bruk i undervisninga. Dette gjer skulane meir attraktive for elevane og bidreg til ei mest mogleg relevant utdanning for dagens nærings- og arbeidsliv. Vedteken nytt bygg på Hornnes må setjast i gang.

Vi meiner det er viktig med eit breitt tilbod ved skulane, slik at ein får ei god samansetning av både gutar og jenter, og med både studiespesialisering og yrkesfag ved begge skulane. Dette skapar eit godt og inkluderande skulemiljø, og gjer det meir interessant for lærarane å undervise.

Lærarkreftene ved dei vidaregåande skulane i Indre Agder er ofte rekrutterte frå lokalsamfunnet. Dette gir stabil arbeidskraft og er viktige arbeidsplassar både for fylkeskommunen og for distrikta.

Åseral kommune vil også peike på behovet for større fleksibilitet i distrikta når det gjeld klassestorleik. Det må vere rom for å ha halve klassar, og ein må tole større svingingar i elevtal. Det er meir utfordrande og kostbart å bygge opp eller ned tilbod i distrikta enn i tettbygde strøk.

Vi støttar prinsippet om at utdanningstilbodet skal spegle behova i arbeidslivet. I vår region er det behov for fagarbeidarar innan reiseliv, bygg, helse og tekniske fag. Eit tettare samarbeid mellom vidaregåande skular og lokale verksemdar vil kunne styrkje relevansen og sikre læreplassar. I Åseral kommune er reiseliv ei stor næring, så kommunen vil oppmode fylkeskommunen om å vurdere å opprette sal, service og reiseliv som linjetilbod ved ein av våre nærlokaliserte skular. I tillegg oppmodar vi fylkeskommunen til å vurdere å ta inn økologisk naturreparasjon som del av opplæringa ved anleggsteknikk/arbeidsmaskiner VG2.

I tillegg til samarbeid med næringslivet, ønskjer Åseral kommune at fylkeskommunen held fram med samarbeid med universitet og fagskule for å tilby distriktsvennlege utdanningar. Til dømes kan samlingar for desentraliserte utdanningar som sjukepleiarutdanning, velferdsteknologi og andre tilbod leggjast til Setesdal vidaregåande skule.

For Åseral kommune er det viktig at Byremo og Setesdal vidaregåande skular framleis kan oppretthalde eit breitt linjetilbod, og at skulen framleis kan tilby attraktive og varierte utdanningsprogram som speglar ønskje og behov frå elevar og arbeidsmarknaden i kommunen og regionen. Vi vil understreke kor viktig det er å oppretthalde eit godt tilbod i distrikta. Små skular kan ha sterke fagmiljø og er viktige for lokal identitet og samfunnsutvikling. Utviklinga av Indre Agder har betydning for utviklinga av heile Agder.

RETT UTSKRIFT
DATO 3.oktober.2025